



Møre og Romsdal
fylkeskommune

SAKSFRAMLEGG

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
21.3.2014	2014/3365	Morten Larsen

Saksnr 6/14	Utval Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet i tannhelsesektoren	Møtedato 31.3.2014
------------------------------	---	------------------------------

Oppfølging av hørselstestar

Vedlegg

- "Forskrift om utførelse av arbeid, bruk av arbeidsutstyr og tilhørende tekniske krav", kapittel 14, "Arbeid som kan medføre eksponering for støy eller mekaniske vibrasjoner."
- Rapportar frå hørselstestar og støykartlegging i alle 5 tannhelsedistrikt.

Bakgrunn

I samband med behandlinga av HMS-årsrapport 2012 (sak 3/2013) gjorde SAMU-T vedtak om at "distrikta skal prioritere hørselstestar og risikovurdering av støyfaktorar i samband med vernerundar/arbeidsmiljøkartlegging i 2013".

Vedtaket har blitt følgt opp på distriktsnivå slik:

- **Hørselstestar i regi av Stamina Helse**
Hørselstestene har omfatta alle tilsette i samband med avvikling av distriktsmøte. Stamina Helse har stått for sjølve audiometriundersøkinga.
- **Støymåling i regi av Stamina Helse**
Det er valt ut to "representative" klinikkar i kvart distrikt, og støymålingar er gjennomført av Stamina Helse.
- **Informasjon**
Stamina Helse har hatt en gjennomgang av hovudresultata frå både hørselstestane og støymålinga på distriktsmøta. Her har det vore fokus på førebyggjande og risikoreduserande tiltak.

SAMU-T hadde ein førebels gjennomgang av resultat frå hørselstestar og støymålingar i 4 av 5 distrikt i møte 10.9.2013, sak 14/13, og gjorde slikt vedtak: "SAMU-T tar orienteringa om status i høve hørselstesting og støykartlegging til vitande. Før vidare oppfølging skal alle tilsette ha fått tilbod om å gjennomføre hørselstest."

I etterkant av møtet har det vore gjennomført hørselstestar for tilsette i Nordmøre tannhelsedistrikt. Stamina Helse sine rapportar frå testane og målingane i alle 5 distrikt er vedlagt.

Helseskadleg støy og støyreduserande tiltak

Vi siterer frå Stamina helse sin rapport dat. 13.8.13 etter testing og kartlegging i Søre Sunnmøre tannhelsedistrikt:

"Støy er vanligvis betegnelsen på den delen av hørselsinntrykket vi ikke ønsker, men dette vil variere fra person til person. Arbeidstilsynets forskrift om støy på arbeidsplassen har oppgitt grenseverdier for det som kan være helsefarlig støy til Leq 85 dBA gjennom en arbeidsdag eller 130 dBC som impulsstøy. Leq er støyens normerte ekvivalentnivå, som kan forklares som middelverdien av det varierende lydtrykket en ansatt utsettes for i løpet av et tidsrom på 8 timer. Impulsstøy er kor-

te lydimpulser under 0,2 sekunder og ved lydtrykk på 130 dBC kan det føre til umiddelbar skade på hørselen.

Ved normert ekvivalentnivå som overstiger grenseverdien 85 dBA skal arbeidsgiver iverksette tiltak. Det skal først og fremst være primære støyreducerende tiltak i lokalet, deretter sekundære tiltak som for eks. hørselsvern. Ved normert ekvivalentnivå som overstiger grenseverdien 80 dBA skal arbeidsgiver stille hørselsvern til rådighet, merke rommet som støysone og en bør utarbeide planer for støyreducerende tiltak. De ansatte skal også få tilbud om hørselundersøkelse, noe som bedriftshelsetjenesten sørger for.

I følge forskrift om støy på arbeidsplassen settes det også en tiltaksgrense for støyen ut fra arbeidsaktivitet. Vanligvis vil ansatte på et tannlegekontor høre til gruppe II der tiltaksgrensen settes til 70 dBA på den mest støyende timen gjennom en arbeidsdag. Det betyr at en skal iverksette tiltak om denne grensen er overskredet."

Kva viser resultatene frå kartleggingane ?

Det er utarbeidd distriktstise rapportar. Rapporten etter kartlegginga i Søre Sunnmøre tannhelse-distrikt er truleg representativ for støybildet på klinikkane:

"Før en igangsatte hørseltestene av de ansatte ble det gjennomført en støykartlegging ved tannlegekontoret i Ørsta. Måleren ble plassert ca. 1 meter fra hodet til pasienten i fritt felt. I følge de ansatte var det normal aktivitet denne dagen (...) Målingen viser at støybelastningen er 64 dBA gjennom en arbeidsdag. Høyeste belastende time måles til 68 dBA kl. 12:45-13:45. Om en beregner avstand fra pasientens hode til tannlegen til ca 30 cm, vil beregnet støybelastning øke med 4 dB. Det betyr at beregnet støybelastning gjennom en arbeidsdag er 68 dBA og 72 dBA i den høyeste belastende timen, og at arbeidsgiver bør iverksette tiltak. Det forekommer for øvrig ikke impulslyder (peac) over lovens grenseverdi på 130 dBC."

Hørselstestinga av dei tilsette i alle distrikta viser at mange tilsette, i større eller mindre grad, har redusert hørsel. I fleire av desse tilfella seier Stamina Helse at dette kan vere forenleg med støyskade, utan at bedriftshelsetjenesta kan konkludere med at dette er årsaken. I samtalar med arbeidstakarane i samband med hørselstesten, seier mange av dei tilsette at dei er utsette for ubehageleg støy (t.d. ved vakuumsug og bor), men ikkje kontinuerleg gjennom arbeidsdagen.

Dei vedlagde rapportane gir fleire detaljar om resultat frå hørselstestinga.

Oppfølging

Arbeidsmiljølova og forskriftene seier at dersom støy ikkje kan reduserast (primære støyreducerende tiltak) så må ein ta i bruk verneutstyr (sekundære tiltak). AML § 3-2: "Når det ikke på annen måte kan tas forholdsregler for å oppnå tilstrekkelig vern om liv eller helse, skal arbeidsgiver sørge for at tilfredsstillende personlig verneutstyr stilles til arbeidstakers rådighet, at arbeidstaker gis opplæring i bruken av utstyret og at det tas i bruk."

Resultata frå hørselstestane og støykartlegginga tilseier at arbeidsgivar må ha fokus på tiltak for å redusere støybelastninga. Tilrådinga frå Stamina Helse er at det blir vurdert tiltak for å redusere støybelastninga. Bedriftshelsetenesta trekker spesielt fram tiltak som kan dempe høge frekvensar.

Forskriftkravet er at arbeidsgivar skal sørgje for regelmessig hørselskontroll av tilsette som blir utsett for ein gjennomsnittleg støybelastning (normert ekvivalentnivå) på meir enn 80 dB, eller maksimal lydnivå over 130 dB (C) Peak.) Ved hørselskontroll kan eventuelle begynnande skader bli oppdaga før dei gir alvorlege følgjer for høreevnen. Det må i slike tilfelle settast i verk tiltak for å forebygge ytterligere hørselsskade.

Tiltak må vurderast i lys av kartlegginga og individuelle behov. Verneutstyr (sekundære tiltak) omfattar hørselsvern. Her kan markedet tilby ei rekke produkt. Dei mest vanlege er øreklokkar, formbare øreproppar, pute-øreproppar, øreproppar med bøyle og ulike variantar av formstøpte øreproppar.

Eit vurderingstema er her kor grensa går for kva arbeidsgivar må tilrettelegge for å unngå arbeidsmiljøbelastningar. Kva er "tilfredsstillande" og kva er "optimalt" ? Lov- og forskriftkravet er at tiltaket skal vere tilfredsstillande, og ikkje nødvendigvis det aller beste på markedet. T.d. vil ein optimal løysing med individuelt tilpassa førmstøyppt hørselsvern for alle tilsette innebere ein eingongskostnad på anslagsvis kr. 400.000,-, og ein årskostnad på ca. 40-50.000, dersom ein legg til grunn ein årleg turn-over i arbeidsstokken på 10 %. Kostnadane er betydeleg lågare med enklare hørselsvern, t.d. av type øreproppar med bøyle, som vil gi ein eingongskostnad på omlag kr.

15.000,-. Ein eventuell kostnadsdeling mellom arbeidsgivar og arbeidstakar er ikkje aktuelt. Det er arbeidsgivar som må ta rekninga ved å førebygge arbeidsmiljøskader. I denne samanhengen skal det presiserast at den økonomiske ramma som er avsett til bedriftshelsetenester gjeld kjøp av tenester fra Stamina Helse. Innkjøp av utstyr m.v. må finansieres over klinikkbudsjettet i det enkelte distriktet.

Tiltak

Med bakgrunn i støykartlegginga og hørselstestane gjennomført i 2013 vil fylkestannlegen tilrå at følgjande tiltak blir iverksett:

- Arbeidsgivar skal sørge for at tilfredsstillande hørselvern er tilgjengeleg for alle tilsette i tannhelsetenesta, at alle tilsette har opplæring i bruk av utstyret og påsjå at utstyret blir nytta.
- Alle tilsette har ansvar for å bruke hørselsvern ved bruk av støyande utstyr og eksponering for støyande aktivitetar i den kliniske kvardagen.
- Arbeidsgivar, i samarbeid med bedriftshelsetenesta, sørger for at alle tilsette (på distriktsmøte eller andre møteplassar) får informasjon om førebyggjande og risikoreduserande tiltak.
- Ved innkjøp av nytt utstyr til klinikkane skal arbeidsgivar alltid vurdere og samalikne støybelastninga ved ulike produkt/løysingar.
- Ved nybygg og restaureringar av klinikklokale skal det vere fokus på primære støydempende tiltak, t.d. lyddempande plater i himling.
- Det bør gjennomførast hørselstester med jamne mellomrom, t.d. med eit intervall på 3 år. Intervalla skal nærare regulerast i distrikta sine periodeplanar for avtalt bistand frå bedriftshelsetenesta.

Saka blir med dette lagt fram for SAMU-T til vurdering.

Anthony N. Valen
Fylkestannlege

Morten Larsen
Kontorsjef

Vedlegg

Kapittel 14. Arbeid som kan medføre eksponering for støy eller mekaniske vibrasjoner

§ 14-1. Risikovurdering av helsefare ved støy og mekaniske vibrasjoner

Arbeidsgiveren skal kartlegge og dokumentere i hvilken utstrekning arbeidstakerne utsettes for støy og vibrasjoner og vurdere enhver risiko for deres helse og sikkerhet forbundet med eksponeringen.

Vurderinger og målinger av støy skal utføres i et omfang som gjør det mulig å fastslå arbeidstakernes støybelastning sett i forhold til de nedre tiltaksverdiene, jf. forskrift om tiltaks- og grenseverdier.

For vibrasjoner skal daglig eksponeringsverdi kartlegges ved å registrere utførelsen av arbeidet med særlig vekt på arbeidsmetoder, styrken på vibrasjoner og vibrasjonsinformasjon som er relevant for de aktuelle arbeidssituasjonene, medregnet opplysninger fra produsenten av utstyret. Når det er nødvendig skal arbeidsgiveren foreta måling av vibrasjonseksponeringen.

Risikovurderingen skal særlig ta hensyn til:

- a) eksponeringens nivå, type og varighet og eksponering for impulsstøy som slag og smell, forekomst av variasjon i vibrasjonsnivå og gjentatte støt,
- b) virkning på helsen og sikkerheten til arbeidstakere som er særlig utsatt for risiko,
- c) enhver virkning på arbeidstakernes helse og sikkerhet som skyldes samvirkning mellom støy og kjemiske stoffer og mellom støy og vibrasjoner i arbeidet, så langt det er mulig,
- d) støyens virkning på muligheten til å oppfatte varselsignaler eller andre lyder som må kunne høres for å redusere risiko for ulykker,
- e) indirekte virkninger på arbeidstakernes helse og sikkerhet som skyldes vekselvirkninger mellom vibrasjoner og arbeidsstedet eller arbeidsutstyret,
- f) tiltaksverdiene og grenseverdiene for daglig eksponering av vibrasjoner, jf forskrift om tiltaks- og grenseverdier kapittel 2 og 3,
- g) produsentens informasjon om støy- og vibrasjonsnivået på arbeidsutstyret,
- h) om det finnes alternativt arbeidsutstyr som gir lavere støy- og vibrasjonseksponering,
- i) eksponering for støy og helkroppsvibrasjoner utover vanlig arbeidstid som faller inn under arbeidsgiverens ansvar,
- j) relevante opplysninger fra helseundersøkelser, og andre offentliggjorte opplysninger, så langt det er mulig,
- k) økt helseisiko på grunn av samvirkning mellom vibrasjoner og andre faktorer på arbeidsplassen, og
- l) tilgjengeligheten av hørselsvern med tilstrekkelig dempning.

§ 14-2. Måling av støy og mekaniske vibrasjoner som grunnlag for risikovurdering

Kartlegging og måling av støy og mekaniske vibrasjoner som grunnlag for risikovurderingen skal gjennomføres i et omfang som gjør det mulig å fastslå arbeidstakernes eksponering i henhold til § 14-1.

Måling av hånd- og armvibrasjoner skal gjøres i samsvar med NS-EN-ISO-5349-2 (2001). Målingene skal gjøres for hver hånd dersom utstyret må holdes med begge hender.

Målinger skal også gjennomføres når det er foretatt endringer i virksomheten som kan øke arbeidstakernes eksponering for støy.

Kartleggingen og målingen skal dokumenteres.

§ 14-3. *Opplæring der arbeidstaker kan utsettes for støy eller mekaniske vibrasjoner*

Arbeidsgiveren skal sørge for at arbeidstakere som kan utsettes for støy eller mekaniske vibrasjoner, og verneombudet får opplæring om

- a) trygge arbeidsmetoder som minsker eksponeringen og risikoen for helseskade
- b) når det er behov for å bruke hørselsvern og hvordan det skal brukes.

§ 14-4. *Informasjon om risiko i tilknytning til støy og mekaniske vibrasjoner*

Arbeidsgiveren skal sørge for at arbeidstakere og verneombud får løpende informasjon om aktuell risiko i forbindelse med støy, dersom arbeidstakerne utsettes for støy som er lik eller overskrider $L_{EX,8h} = 80$ dB eller $L_{pC,peak} = 130$ dB, eller i forbindelse med vibrasjoner, dersom risikovurderingen viser at arbeidstakerne kan bli utsatt for vibrasjoner.

Arbeidsgiveren skal sørge for at arbeidstakerne og verneombudet får løpende informasjon om

- a) risikovurderingen som er foretatt og tiltakene som er satt i verk
- b) tiltaks- og grenseverdiene for eksponeringen
- c) måleresultatene
- d) risikoen knyttet til støy og vibrasjoner, hvordan tegn på skader kan oppdages og hvordan de skal rapporteres
- e) under hvilke vilkår de har rett til helseundersøkelse og formålet med undersøkelsen
- f) risikoen for helseskade som bruken av arbeidsutstyret kan medføre.

§ 14-5. *Tiltak mot støy*

Arbeidsgiveren skal iverksette nødvendige tiltak på bakgrunn av de helse- og sikkerhetsrisikoer som fremkommer av risikovurderingen. Arbeidsgiveren skal blant annet sørge for at risiko som er forårsaket av støy fjernes eller reduseres til et lavest mulig nivå, ved å:

- a) vurdere alternative arbeidsmetoder som gir redusert støyeksponering,
- b) velge hensiktsmessig arbeidsutstyr som gir minst mulig støy,
- c) utforme og tilrettelegge arbeidsplassen og arbeidslokalene for eksempel ved at tekniske innretninger oppstilles og brukes på en slik måte at unødig støy ikke oppstår,
- d) foreta teknisk støyreduksjon som demper lydutbredelse gjennom luft, for eksempel ved hjelp av skjermer, innbygging eller lydabsorbenter,
- e) foreta teknisk støyreduksjon som reduserer strukturlyd og vibrasjoner ved å avbalansere, dempe eller isolere lydkilder,
- f) ha systematisk vedlikehold av arbeidsutstyr, arbeidsplassen og støydempingstiltak,
- g) tilrettelegge arbeidet ved begrensnig av eksponeringstid og intensitet, og med tilstrekkelige støyfrie hvileperioder,
- h) sørge for helseundersøkelser.

Arbeidsgiveren skal tilpasse tiltakene for arbeidstakere som i særlig grad kan være utsatt for ulykkes- eller helsefare.

§ 14-6. Særskilte tiltak mot støy ved overskridelse av tiltaksverdiene

Støybelastningen skal søkes redusert til minst 10 dB under nedre tiltaksverdier i forskrift om tiltaks- og grenseverdier jf. § 2-1.

Dersom nedre tiltaksverdier eller øvre tiltaksverdi for toppverdi av lydtryknivå, $L_{pC,peak}$, overskrides, skal arbeidsgiveren vurdere tekniske eller administrative tiltak for å redusere støyeksponeringen og utarbeide skriftlige planer for tiltak. Med toppverdi av lydtryknivå, $L_{pC,peak}$, menes høyeste observerte C-veide lydtryknivå målt i løpet av måletiden med målerinnstilling «peak».

Arbeidsgiver skal kontrollere effekten av tiltakene som iverksettes.

§ 14-7. Særskilte tiltak mot støy ved overskridelse av grenseverdiene

Dersom grenseverdiene for støyeksponering overskrides, skal arbeidsgiveren straks sette i verk tiltak for å redusere eksponeringen til under grenseverdiene.

For å unngå fremtidige overskridelser av grenseverdiene, skal arbeidsgiveren kartlegge årsakene til at grenseverdiene er overskredet.

§ 14-10. Krav om hørselsvern

Arbeidsgiveren skal stille hørselsvern til rådighet for arbeidstakerne når $L_{EX,8h} = 80$ dB overskrides eller når arbeidstakeren opplever lydnivået sjenerende.

Dersom tiltaksverdiene ikke kan overholdes med tekniske eller administrative tiltak og arbeidstakerne kan bli utsatt for støy som er lik eller overskrider de øvre tiltaksverdiene, skal arbeidsgiveren påse at arbeidstakerne benytter hensiktsmessig hørselsvern som gir tilstrekkelig beskyttelse.

Hørselsvern skal velges i samråd med arbeidstakerne slik at risiko og belastning ved bruk reduseres til lavest mulig nivå.

§ 14-11. Helseundersøkelse av arbeidstakere som kan utsettes for hørselsskadelige arbeidsforhold

Arbeidsgiveren skal sørge for at arbeidstakere får tilbud om egnet helseundersøkelse med hørselskontroll, når risikovurderingen viser at det foreligger helseisiko.

Arbeidsgiveren skal sørge for at arbeidstakere som utsettes for støy som overskrider $L_{EX,8h} = 80$ dB eller $L_{pC,peak} = 130$ dB gjennomgår helseundersøkelse som omfatter hørselskontroll.

Helseundersøkelsen skal kunne påvise enhver negativ helseeffekt forårsaket av støy og gi grunnlag for forebyggende tiltak i virksomheten eller andre tiltak som kan redusere arbeidstakerens risiko for helseskade.

Helseundersøkelsen skal utføres av, eller under kontroll av kompetent lege. Legen avgjør ut fra arbeidstakerens helsetilstand og eksponeringens type, nivå og varighet, innholdet i undersøkelsen og hvor hyppig arbeidstakeren skal undersøkes.

Arbeidstakeren skal informeres om resultatet av helseundersøkelsen. Dersom det er behov for helseundersøkelser etter at eksponeringen er avsluttet, skal arbeidstakeren informeres om dette.

§ 14-13. Arbeidsgiverens oppfølging av helseundersøkelse av arbeidstaker utsatt for støy eller mekaniske vibrasjoner

Dersom helseundersøkelsen påviser helseskade eller annen negativ helseeffekt som skyldes mekaniske vibrasjoner eller støy på arbeidsplassen eller støy i samvirkning med andre faktorer, skal arbeidsgiver:

- a) vurdere årsaker til at helseskade har oppstått,
- b) revidere og oppdatere risikovurderingen,
- c) ta hensyn til råd fra kompetent helsepersonale eller fra offentlig myndighet,
- d) iverksette tiltak som er nødvendige for å fjerne eller redusere risikoen ved arbeid som utsetter arbeidstakere for støy eller mekaniske vibrasjoner,
- e) gi tilbud om egnet helseundersøkelse til andre arbeidstakere som har vært utsatt for liknende eksponering.

§ 14-14. Omplassering av arbeidstaker utsatt for støy eller mekaniske vibrasjoner

Arbeidsgiveren skal så langt det er mulig sørge for at arbeidstakere blir omplassert til annet arbeid i virksomheten der de ikke blir utsatt for helsefarlig eksponering fra støy eller mekaniske vibrasjoner, når dette er nødvendig av hensyn til arbeidstakers helse.